ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Jon Nygård murm
Steinestøvegen 232
5131 NYBORG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hanne Marie Evensen | 01.04.2022 |
| Vår: 22/1353 - 22/26265 | hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest - gbnr 455/4 Kartveit

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 387/22**
**Tiltakshavar:** Odd Magne Sundsbø
**Ansvarleg søkjar:** Jon Nygård murm
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av pipe på gbnr 455/4//.**
**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.02.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.03.2022.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Radøyvegen 1283 |
| Bygningstiltak: | Rehabilitering pipe |
| Bygningsnummer: | 9865152 |

| | |
|---|---|
| Bruksareal: | 381 m$^2$ |
| Avlaup: | |
| Vatn: | |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1353

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Hanne Marie Evensen<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Odd Magne Sundsbø | Radøyvegen 1277 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jon Nygård murm | Steinestøvegen 232 | 5131 | NYBORG |